



Styremøte

Tid og stad:

Tysdag 25. juni 2013 kl. 18.00 hos Anne Bjørg Bringsvor.

Saksliste:

1. Klatretårn.
2. Grendacup.
3. Arthur-helga.
4. Eventuelt.

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor (ABB)
Nestleiar	Endre Vorren (EV)
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor (EVB)
Kasserar	Svein Helge Bringsvor (SHB)
Styremedlem	Knut Olav Skare (KOS)

Referat:

Sak 1: Idrettslaget har søkt om tilskot til prosjektet på vegner av FAU, og har fått godkjent inntil 50 % av kostnadane som støtte frå Sande Næringsforum. Maksimalt 111.000 kr. I tillegg er det starta kronerulling etter privat initiativ.

Sak 2: Deltakarlagar til årets Grendacup begynner å falle på plass, men kampoppsett og liknande vert ikkje spikra før tidlegast dagen før. Cupen startar kl. 13.00. EV kan annonsere arrangementet i avisa, EVB sender litt info. Ein treng folk til organisering/leiing av aktivitetar for born/ungdom. Legg opp til småkonkurransar, samt ferdigheitsmerketaking. Ingrid Bringsvor Voksøy vil hjelpe til. EV spør Vidar, Olav og Reidar Baade.

Sak 3: Hovudkomiteen for Arthur-helga har kome i gang. ABB og KOS har ansvaret for matsserveringa. Skal få folk til å stille på vakter. EV er delvis involvert i teltgruppa.

Sandsøy Idrettslag
6089 Sandshamn
www.sandsoyil.no



Sak 4: Eventuelt. Ein kan få pengestøtte dersom ein kallar friidrettstreningane for "idrettsskule". Gode tilbakemeldingar ift. trimpostane/trimgruppa.

Møtet vart heva kl. 19.15